

NotatDato: 11.01.2018
Arkivsak: 2014/560-282
Saksbehandlar: ingtakl

Til: Ungdommens fylkesutval

Frå: Ingeborg Strandberg

Oppdatering om ungdommens fylkesting 2018 frå administrasjonen

Ungdommens fylkesting 2018 vert heldt 9.-11. februar, og det var planlagt at arrangementet skulle vere på Scandic Bergen Airport, same hotell som nettverkssamlinga i 2017. Dessverre kan ikkje hotellet garantere at dei er ferdig med ombygginga si til 9. februar. Administrasjonen har difor kontakta Quality Edvard Grieg Hotel som har ledig kapasitet den helga, sidan ingen av avtalehotella i området har kapasitet. Dette hotellet har UFT og nettverkssamlinga vore på før.

Invitasjon vert sendt ut til kommunanes postmottak og til koordinatorene for dei kommunale ungdomsråda torsdag 11. januar.

Eigenandel vert sett til 2300 . Då vil UFU subsidiere kvar deltakar med 385 kr. Totalt vert det 19 250 kr, dersom det er 50 deltakarar som melder seg på.

Invitasjon er sendt til Tore Storhaug og til fylkesordførar. Ventar på svar.

Sak om rekneskap 2017 og budsjett 2018 finn de på sakslista på dette møtet, 19.-21. januar.

Administrasjonen ønskjer å understreke at det er viktig at UFU har eitt sosialt program på kvelden begge dagar, samt at UFU er synlege på desse. Slik ser ein til at ingen fell utanom og at det ikkje vert «klikkar». Samtidig vert det ikkje farting i gangane eller aktivitet på romma som kan forstyrre andre gjestar. Tenk på at det alltid er mange nye delegatar som kan kjenne seg usikre og som set pris på at det vert arrangert noko felles.